



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 08.02.2012
Møtetid: 15:00 - 17:30
Møtestad: Kommunehuset

Av7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann og ass. rådmann
Einingsleiar for interne tenester og IKT-konsulent ga opplæring i I-pad

Merknader:

Norvald Gjerde – varamann i kommunestyret – deltok under opplæring I-pad
Gunnar Bruvik tok ikkje del under handsaminga av sak 2/12 då han var ugild.

Orienteringar/meldingar:	Rådmannen orienterte kort om arbeidet med å få på plass mellombels avtale for sjukeheimsdrift der fokuset var på økonomi. Rådmannen orienterte om NVE sitt spørsmål om minstevassføring i Samnangervassdraget. Det vert laga sak som vert lagt fram for kommunestyret. Rådmannen orienterte om KOFA-sak (klagenemnd for offentlege anskaffelse) i BIR.
Utvalet sitt kvarter	Gunnar Bruvik om når val av domsmenn vert gjennomført.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 16.02.2012

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/12	12/108	Faste saker	
002/12	11/611	Eigedomsskatt verk og bruk - taksering	
003/12	09/537	Avtale om interkommunalt samarbeid Fusa-Samnanger vert avslutta.	
004/12	10/148	Praktisering av reglar om dekking av tapt arbeidsforteneste for folkevalde	
005/12	12/13	Søndagsopen butikk på Ytre Tysse - Søknad frå K.Knutsen om Ytre Tysse som turiststad	
006/12	11/560	Sal av kommunal eigedom v/ 1000-årsstaden Ytre Tysse	
007/12	12/74	Kjøp av leasa kjøretøy.	
008/12	12/73	Midlertidig lån - Samnanger idrettslag	
009/12	10/643	Oppretting av valnemnd i BIR	

SAKNR. 001/12
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte om arbeidet med å få til avtale om lokale for mellombels drift av sjukeheimen.

I Samnangerkonsesjonen vart det i si tid bestemt at det i staden for å setja krav om minstevassføring skulle BKK få løyve til å prøva ut om bygging av tersklar i Storelva ville gjera det mindre naudsynt med minstevassføring. Dette er no evaluert, og NVE har spørsmålet om minstevassføring oppe. I samband med det vert no kommunen og fylkesmannen gitt høve til å uttala seg. Formannskapet ønskjer at saka vert politisk handsama, og rådmannen vert bedt om å laga ei sak som går direkte til kommunestyret.

Rådmannen orienterte om at Samnanger saman med alle dei andre kommunane i BIR-området er meldt inn til KOFA (klageorgan for offentlege innkjøp), og der me førebels er varsla om ei bot for brot på innkjøpsreglane. Spørsmålet er handtert av felles advokat.

Under utvalet sitt kvarter spurde **Gunnar Bruvik** om når val av nye domsmenn m.m. skal skje. Dei valde domsmennene m.fl. fungerer til utgangen av 2012 . Val skal skje i kommunane innan 1.7.2012.

FORM-001/12 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/12

EIGEDOMSSKATT VERK OG BRUK - TAKSERING

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Gunnar Bruvik ba om å få vurdert om han med si tilknytning til SAFA a.s. var ugild. Utvalet fann samrøystes at han var ugild. Bruvik deltok derfor ikkje under handsaminga av denne saka.

Marit A Aase sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

FORM-002/12 VEDTAK:

- Det vert føreteke ei ny taksering av ”verk og bruk” i Samnanger kommune i løpet av 2012 (jmf. krav om taksering kvart 10. år).
- Før takstnemnda fastset takstane, (jmf. eigedomsskattelova § 4), skal kommunestyret fatta vedtak om retninglinjene for takseringa. Økonomisjef vert sekretær for takstnemnda.
- Kostnaden med arbeidet er sett til ca kr 80.000,- eks. mva + skyssutgifter. Pengane vert å ta frå disposisjonsfondet.
- Eiga taksering foregår for Samnanger transformatorstasjon og Samnanger ”sin del” av Sima- Samnangerlinja. Eigendelen for kommunen på dette er sett til ca kr 7.200,- eks. mva med tillegg av skyss. Pengane vert å ta frå konto for eigedomsskatt.

SAKNR. 003/12

AVTALE OM INTERKOMMUNALT SAMARBEID FUSA-SAMNANGER VERT AVSLUTTA.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Avtale om samarbeid om felles brannsjef, varabranssjef, feiing og tilsyn vert avslutta. Kommunane går tilbake til tidlegare ordning med kvar sin brannsjef og varabranssjef. Feiing og tilsyn vert løyst innanfor kvar kommune.

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-003/12 VEDTAK:

Avtale om samarbeid om felles brannsjef, varabranssjef, feiing og tilsyn vert avslutta. Kommunane går tilbake til tidlegare ordning med kvar sin brannsjef og varabranssjef. Feiing og tilsyn vert løyst innanfor kvar kommune.

SAKNR. 004/12

PRAKTISERING AV REGLAR OM DEKKING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE FOR FOLKEVALDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samband med deltaking på møte i kommunale styre, råd og utval dekkar kommunen berre tapt arbeidsforteneste for folkevalde som er trekte i lønn, i samsvar med ordlyden i punkt 6 i *Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune*. Kommunen dekkar ikkje utgifter arbeidsgjevarar har hatt i samband med folkevalde si deltaking på møte i kommunale styre, råd og utval. Det gjeld eigne reglar for sjølvstendige næringsdrivande – j mf. Pkt 6.1..

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-004/12 VEDTAK:

I samband med deltaking på møte i kommunale styre, råd og utval dekkar kommunen berre tapt arbeidsforteneste for folkevalde som er trekte i lønn, i samsvar med ordlyden i punkt 6 i *Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune*. Kommunen dekkar ikkje

utgifter arbeidsgjevarar har hatt i samband med folkevalde si deltaking på møte i kommunale styre, råd og utval. Det gjeld egne reglar for sjølvstendige næringsdrivande – j mf. Pkt 6.1.

SAKNR. 005/12

SØNDAGSOPEN BUTIKK PÅ YTRE-TYSSE – SØKNAD FRÅ K.KNUTSEN OM YTRE-TYSSE SOM TURISTSTAD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1.Samnanger kommune søker Fylkesmannen i Hordaland om at Ytre-Tysse ved forskrift vert definert som typisk turiststad etter lov 1995-02-24 nr 12: Lov om helligdager og helligdagsfred.
2. Med Ytre-Tysse vert meint området som går fram av vedlagde kart.
3. Det vert søkt om at Ytre-Tysse vert definert som typisk turiststad utan tidsavgrensing.

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-005/12 VEDTAK:

- 1.Samnanger kommune søker Fylkesmannen i Hordaland om at Ytre-Tysse ved forskrift vert definert som typisk turiststad etter lov 1995-02-24 nr 12: Lov om helligdager og helligdagsfred.
2. Med Ytre-Tysse vert meint område som går fram av vedlagde kart.
3. Det vert søkt om at Ytre-Tysse vert definert som typisk turiststad utan tidsavgrensing.

SAKNR. 006/12

SAL AV KOMMUNAL EIGEDOM V/ 1000-ÅRS-STADEN YTRE TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tilbyr Samnanger Eiendom å kjøpa eit areal v. tusenårsparken på Tysse til bruk i samband med vidare utvikling av området. Arealet – ca 160 m2- vert tilbydd til ein pris på kr 350 pr. m2.

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-006/12 VEDTAK:

Samnanger kommune tilbyr Samnanger Eiendom å kjøpa eit areal v. tusenårsparken på Tysse til bruk i samband med vidare utvikling av området. Arealet – ca 160 m2- vert tilbydd til ein pris på kr 350 pr. m2.

SAKNR. 007/12

KJØP AV LEASA KJØRETØY.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Leasa kjøretøy SU 41851 vert kjøpt av Samnanger Kommune for kr. 179.900,-. Summen vert finansiert med lån av disposisjonsfondet og attendebetalt over 5 år f.o.m. 2012.

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-007/12 VEDTAK:

Leasa kjøretøy SU 41851 vert kjøpt av Samnanger Kommune for kr. 179.900,-.
Summen vert finansiert med lån av disposisjonsfondet og attendebetalt over 5 år f.o.m. 2012.

SAKNR. 008/12

LÅN - SAMNANGER IDRETTSLAG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ettergjev lån til Samnanger idrettslag, Totræna Vinterpark. Utestående krav på kr 18.375 vert dekkja ved bruk av midlar avsett til lønsoppgjeret – konto nr. 1.1202.1800.4901.

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-008/12 VEDTAK:

Samnanger kommune ettergjev lån til Samnanger idrettslag, Totræna Vinterpark. Utestående krav på kr 18.375 vert dekkja ved bruk av midlar avsett til lønsoppgjeret – konto nr. 1.1202.1800.4901.

SAKNR. 009/12

OPPRETTING AV VALNEMND I BIR

08.02.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Marit Aase** sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune støttar at det vert oppnemnt ei valnemnd for å velja styra i BIR AS og BIR privat.”
Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-009/12 VEDTAK:

Samnanger kommune støttar at det vert oppnemnt ei valnemnd for å velja styra i BIR AS og BIR privat.